



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
12.12.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/15277 331.2  
Dykkar referanse

### Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13,5902 Isdalstø  
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik  
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

### **Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2017**

#### **Innleiing**

Fylkesmannen vil med dette brevet invitera kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2017.

Ordinært skjønstilskot er ein del av rammetilskotet til kommunane. Fylkesmannen har til no fordelt kr. 95,3 mill. av den totale skjønsramma på kr. 127,7 mill. til kommunane i Hordaland for 2017. Restsummen på kr. 32,4 mill. vil bli nytta til prosjektskjøn og til generell fordeling i året der også uventa hendingar vil bli tekne omsyn til.

#### **Retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

##### Generelt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i retningslinene for skjønstilskot presisert at føremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretakne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar.

Departementet ynskjer at Fylkesmennene skal tilpassa fordelinga av skjønsmidlane etter lokale tilhøve og behov som kan oppstå gjennom budsjettåret. Fylkesmennene held tilbake skjønsmidlar for å kunne ta omsyn til kommunar som får uventa økonomiske utfordringar i løpet av budsjettåret. Departementet syner til at dette også omfattar kommunar som blir ramma av naturskade eller andre ekstraordinære hendingar, i den grad departementet ikkje sjølv gir kompensasjon.

##### Prosjektskjøn

Departementet ønskjer som tidlegare at Fylkesmennene skal gi skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn). Eit viktig føremål med skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt er å gi kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen.

Departementet har for 2017 presisert at skjønsmidlar berre skal nyttast til prosjekt kor det er kommunane sjølve som har teke initiativet til tiltaket og står for framdrifta. Det er

kommunane som skal vere den sentrale part både som initiativtakar og deltarar, i prosjekt som oppnår skjønsmidlar.

Frå og med 2016 skal kommunane søkje om og rapportera på eit eige søknadsskjema på database, som er utarbeidd for alle fylkesmannsembeta. Nærare opplysningar om søknad og rapportering er gitt under.

Kommunar må i søknader om prosjektskjøn syne til ein realistisk prosjektplan og gjere greie for sine utfordringar. Kommunen må vise til klåre målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

#### Prosjekt/oppgåver som ikkje blir støtta

Det skal ikkje bli gitt tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet. Det skal ikkje bli gitt tilskot til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar. Inter-kommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.

#### Søknader som kjem inn under forsøkslova

Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87 ) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### **Satsingsområde**

Kommunesektoren er i sterkt omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre lærингseffekt. På denne bakgrunn inviterer vi kommunane til å sökja om prosjektmidlar.

I 2015 og 2016 vart ein del av skjønsramma gitt til satsinga mot barnefattigdom. Kommunane Askøy, Fjell, Bergen, Ullensvang og Kvinnherad har fått økonomisk støtte til å prøva ut ulike strategiar i arbeidet mot fattigdom i barnefamiliar. Vi legg også for 2017 opp til å fordele ein del av skjønsramma til dette føremålet som ei eiga fordeling.

Særlege område som vi elles ønskjer å prioritera for 2017 er:

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester, jf. Omsorg 2020.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.
3. Interkommunale samarbeidsprosjekt som kan førebu framtidig kommunesamanslåing, t.d. innan tenesteområda plan- og byggesa, helse og barnevern.

4. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp, t.d.:

- Planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm
- Tiltak etter vassforskrifta
- Planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i samarbeid med landbruket

5. Interkommunalt planarbeid:

- prosjekt om kommunale planverktøy / GIS
- om oppdrett / akvakultur
- om massedeponi.

### **Kommunal forankring og ansvar**

For å få tilskot må prosjekta vera forankra hos den politiske leiinga i kommunen, og i det minste hos ordførar og rådmann.

For å sikra forankring og tilknyting til prosjektet, er det ein føresetnad at kommunane deltek med ein kommunal eigenfinansiering. Det er også lagt til grunn i departementet sine retningslinjer. Som hovudregel skal ikkje skjønsmidlane frå Fylkesmannen utgjere meir enn 50 prosent av kostnadane til prosjektet.

### **Prosess for tildeling**

Frå og med fordelinga for 2014 har det vore ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle. Det har vore stilt spørsmål om regionrådas rolle. I lys av ei sannsynleg omorganisering av fylkesmennene frå 01.01. 2019 vil Fylkesmannen halde fast ved denne ordninga.

Fylkesmannen er ansvarleg for sjølve tildelinga, men denne byggjer i stor grad på prioriteringane frå regionråda. Vi ynskjer også at regionråda skal bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Vi legg opp til at kommunane søker om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Fylkesmannen. Regionråda blir bedd om å vurdera søknadene og senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadene.

For 2017 skal det søkjast på eit eige søknadsskjema som ligg på database. Gå til:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Søkjar i kommune må nyttja Idporten (til dømes med bankid) og må leggja inn:

- Fornamn
- Etternamn
- E-postadresse
- Telefonnummer
- Rolle - søker
- Kommune (obligatorisk)

Førespurnad blir send fylkesmannsembetet om godkjenning som søkjar. Når godkjenning er gitt, kan søker gå inn på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> og fylle ut søknad.

### **Søknadsfrist**

Fristen for kommunane til å søkje om prosjektskjøn er **fredag 10.mars 2017**.

Regionråda blir bedd om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedd om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene.

Dei kommunane som er organiserte i regionråd må leggja søknadene fram for regionrådet sitt i tilstrekkeleg god tid til at rådet kan gjere ei vurdering og prioritering mellom søknadene innan den nemnde søknadsfristen.

### **Rapportering**

Rapportering for prosjektskjønn 2016 må bli gjort i den same databasen som er nytta for søknader for 2016, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2016 er 01.februar 2017.

Rapportering for prosjektskjønn 2017 må bli gjort i den same databasen som vist til over. Frist for rapportering for 2017 er 01.februar 2018.

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*